



Siv. Arne Haugen VVA - Prosjektering
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/898 - 14/2470

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
04.04.2014

Godkjenning - oppføring av kai og båtopptrekk på Litlebergen, gnr 26 bnr 14.

Administrativt vedtak. Saknr: 15/2014

Saksutgreiing:

Saka gjeld:

Litlebergen Brygge AS, representert ved ansvarleg søkar Arne Haugen VVA-prosjektering, har ved søknad innstempla 15.1.2014 søkt om løyve til utfylling i sjø, etablering av kaifront, bygging av slipp for båtopptrekk og etablering av gangareal langs kaifront på gnr 26 bnr 14 m.fl, Litlebergen.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Litlebergen, arealplanid 12562006004. Det omsøkte tiltaket er i planen vist som område GA4.

Reguleringsplanen har følgjande føresegn som vedkjem tiltaket:

§ 8.3 Felles gangareal

- GA3 og GA4 er Felles gangveg for eigedomane gnr 26 bnr 14, 15, 20, 21, 31, 33, 64, 65, 71, 82, 115 og 121. Grunneigarane eig gangvegen i lag, og må saman finne ordningar for å opparbeide og vedlikehalde han. Ålmenta skal ha rett til å nytta denne gangvegen heile året og heile døgnet. Vegen kan ikkje stengast på noko vis.

§ 11 Universell utforming

1. Felles gangveg GA3 og GA 4, samt offentlig køyreveg KV3 og uteområda ved B/F/K2 skal ha universell utforming og det kan ikkje etablerast stengslar langs denne løypa.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningsloven § 21-3. Det er ikkje motteke merknader til nabovarselet.

Vurdering:

Administrasjonen finn at omsøkt tiltak er i samsvar med vedteke arealføremål i reguleringsplanen for området. Kommunen peiker på krava i reguleringsplanen innteke ovanfor, som gjeld ved utføring av tiltaket.

Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonsplan og tverrprofilar stempla godkjend 4.4.2014. Meland kommune har utover dette ikkje merknader til søknaden.

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Arne Haugen VVA-prosjektering Organisasjonsnummer 876688492 Sentral godkjenning	SØK, graving og utfylling i sjø, heile tiltaket (tkl 2) PRO, graving og utfylling i sjø, heile tiltaket (tkl 2)
Anleggspartner AS, Organisasjonsnummer 979454139 Sentral godkjenning	UTF, graving og utfylling i sjø, heile tiltaket (tkl 2)

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til utfylling i sjø, etablering av kaifront, bygging av slipp for båtopptrekk og etablering av gangareal langs kaifront på gnr 26 bnr 14 m.fl, Litlebergen, jf søknad stempla motteke av kommunen 15.1.2014.

Tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og tverrprofilar stempla godkjend 4.4.2014.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan seinast 3 år etter byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Kopi til:

Litlebergen Brygge AS

Klubben 18

5914

ISDALSTØ

Mottakere:

Siv. Arne Haugen VVA -
Prosjektering

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN